



## Justervesenet, kontroll og gebyr

Justervesenet er nasjonal offentlig instans for måleteknikk. Ei hovudoppgåve er å gjennomføre lovregulert godkjenning og kontroll/tilsyn av målereiskap som vert brukt til kjøp og sal. Det vert kontrollert at målereiskapen tilfredsstiller krava til grannsemnd og øvrige krav som til dømes at plombering er intakt, at display fungerer korrekt og andre tilhøve som har betydning for å sikre eit korrekt måleresultat.

Justervesenet rapporterer til Nærings- og handelsdepartementet (NHD) som og set rammevilkår og vedtar forskrifter som angår Justervesenet sitt ansvarsområde. Det er forutsatt at alle kostnader for arbeidet på det lovregulerte område blir dekt av gebyr som blir belasta kvar enkel brukar av målereiskapen (Seljar dersom det gjeld nye reiskapar). Desse gebyra er regulert i kapittel 6 i forskrift om målenheter og måling fastsatt av NHD.

Gebyra skal dekkja ei rekkje oppgåver som er nødvendige for å sikre tillit både nasjonalt og internasjonalt til dei måleverdiane som vert benytta i Norge. I hovudsak skal desse gebyra dekkje:

- *Direkte kostnader knytta til kontrollen på staden som løn, reiseutgifter og reisetid* (reisetid og reisekostnader utgjør ein betydeleg del av Justervesenet sine kostnader da alle målereiskapane må kontrollerast der dei vert benytta).
- *Innkjøp, vedlikehald og sporbarhet på normalar*. (Normalar er det utstyret som vert benytta for kontroll, for eksempel lodd eller volumnormalar. For å sikre ein tilstrekkeleg grannsemnd på dei kontrollane som blir gjennomført, må til dømes lodd kalibrerast årleg mot andre lodd som er meir nøyaktige. Desse meir nøyaktige lodda er igjen kalibrert mot endå meir nøyaktige lodd og på dette viset får vi ein ikkje avbrote "sporbarhetskjede" til det internasjonale kilogramloddet som står i Paris).
- *Utarbeiding av forskrifter og anna regelverk* (Justervesenet fastset dei tekniske forskriftene på målereiskapar. Øvrige forskrifter og regelverk blir fastsett av NHD. Det er ein føresetnad at Justervesenet og for dei forskriftene som vert fastsett av NHD, gjer det vesentlege forarbeidet sidan Justervesenet er den faginstans som NHD har på dette området. Dette betyr og oppfølging og iverksetjing av regelverk i EU som vi er forplikta til å ta i bruk gjennom EØS-avtalen).
- *Oppfølging av internasjonalt arbeid*. (Dette er spesielt innanfor EU, for i størst mogleg grad å sikre at norske behov og norske brukarar sine interesser vert tatt vare på på best mogleg måte).
- *Informere og avklare forhold som gjeld regelverket for målereiskap*.

Dagens gebyrstruktur og gebyrnivå er tilpassa for å balansere kostnadane for oppgåvene som er nemnt ovanfor.

**Kontaktperson: Knut Lindløv**

e-post: [kln@justervesenet.no](mailto:kln@justervesenet.no)

**Oppdatert: 28.03.2011**